



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
24.05.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/4417 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 30.april 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30.april 2017.

Skatteinngangen syner ein auke på 5,1 prosent for dei første fire månadene i år, samanlikna med den same perioden i fjor, for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i perioden 3,4 prosent.

For kommunane samla i landet var det ein skattevekst i perioden januar - april i år, samanlikna med same perioden i fjor, på 6,4 prosent. I revidert nasjonalbudsjett er det rekna med ein skattevekst for heile året på 1,0 prosent.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Budsjett - tal vil bli innarbeidd i oversyna i seinare månader.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.